



Radøy kommune

**Tilleggsinnkalling  
for  
Kommunestyret i Radøy**

**Møtedato:** 08.12.2016  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 18.15

**Saksliste:**

<b>Saksnr</b>	<b>Tittel</b>
074/2016	Søknad om permisjon frå kommunale verv

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

22. oktober 2018

Jon Askeland  
ordfører

Arthur Kleiveland  
utvalssekretær

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
074/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	08.12.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1497	16/14950

### Søknad om permisjon frå kommunale verv

#### Saksopplysingar:

Frode Hervik (V) søker om permisjon frå sine kommunale verv fram til 01.02.2018. Søknaden er grunngjeving i vidareutdanning.

Hervik byrja hausten 2016 på skuleleiarutdanning/rektorskulen på NHH, eit studie som vert avslutta i februar 2018. Han skriv i søknaden om permisjon av studiet kjem på toppen av ein krevjande arbeidssituasjon, som er vesentleg endra frå situasjonen ved valet 2015. No arbeidar Hervik som avdelingsleiar for studiespesialiserande, fellesfag og helse og oppvekst på Austrheim vidaregåande skule. Arbeidssituasjonen er slik at førebuing og etterarbeid må gjerast heime på kveldstid.

Det er § 15.2 i Kommunelova som regulerer fritak frå kommunale verv for ein kortare periode. Kommunestyret kan innvilga permisjon, og det har vore praksis i Radøy for å innvilga permisjon som følge av utdanning.

Frode Hervik er medlem i kommunestyret. Her vil Agnes Hoshovde Bernes rykkja opp frå 1.vara til fast plass dersom Hervik sin søknad vert innvilga.

Radøy Venstre har informert om at Agnes Hoshovde Bernes vil overta som gruppeleiar for Hervik i kommunestyret.

Venstre gjer vidare framlegg om at Agnes Hoshovde Bernes overtar Frode Hervik sitt verv som 2. varamedlem til årsmøtet i Bergen og Omland Friluftsråd 2015-2019.

Frode Hervik er også 1.varamedlem til førebuande fellesnemnd. Etter § 15.2 i Kommunelova skal den som blir innvilga fritak frå eit folkevald organ for ein kortare periode, ikkje erstattast ved val av nytt medlem. Her vil 2. varamedlem i den aktuelle grupperinga, Wenche Kalnes Tveranger (Frp) rykka opp som første varamedlem til førebuande fellesnemnd.

#### Valnemnda si tilråding til kommunestyret:

Frode Hervik får innvilga søknad om permisjon frå kommunale verv fram til 01.02.2018.

Agnes Hoshovde Bernes vert ny 2.vararepresentant til årsmøtet i Bergen og Omland Friluftsråd.

**Vedlegg:**

Søknad om permisjon frå kommunale verv